



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Uttalsak
Plan- og miljøutvalet	30.04.2025	60/25
Kommunestyret	27.05.2025	51/25
Plan- og miljøutvalet	24.09.2025	105/25
Kommunestyret	21.10.2025	83/25

PlanID 20220001 - Detaljregulering for Flåmyrane III, 99/1 - 2. gongs handsaming og endeleg vedtak

Vedlegg

- 1 Framlegg til føresegner for Flåmyrane III - 2. gongs handsaming (høyringsutkast)
- 2 Framlegg til plankart for Flåmyrane III - 2. gongs handsaming (høyringsutkast)
- 3 Planomtale for Flåmyrane III
- 4 Uttale frå Telemark fylkeskommune, 21.01.2025
- 5 Uttale frå NVE, 22.01.2025
- 6 Uttale frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 23.01.2025
- 7 Uttale frå Mattilsynet 27.01.2025
- 8 Oppsummering av innspel frå hytteforeningar og hytteeigarar
- 9 Vegnamn
- 10 Revisjonslogg, framlegg til endringar i plankartet etter høyring og offentleg ettersyn
- 11 Kart med foreslåtte endringar etter høyringsperioden
- 12 Samanstilling av innspel frå hytteforeningar og hytteeigarar
- 13 C-teikningar, revidert
- 14 Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12 - Lagt til etter handsaming i PMU
- 15 Uttale frå Villreinnemnda for Hardangervidda, 14.05.2025 - Lagt til etter handsaming i PMU

Dokument i saka

[Kommunedelplan Våglid](#)

Plan- og miljøutvalet 30.10.2024, sak 121/24: Framlegg til detaljregulering for Flåmyrane III, del av 99/1 og 99/346 i Våglid, planID 20220001 - 1. gongs handsaming

Vinje kommune, brev om høyring datert 29.11.2024

Vinje kommune, brev om avgrensa høyring 07.02.2025

[KU Flåmyrane](#)

Merknad om endring etter handsaming i plan- og miljøutvalet 30.04.2025

Vedlegg 14 Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, og vedlegg 15 Uttale frå villreinnemnda for Hardangervidda er lagt til etter handsaming i plan- og miljøutvalet i 30.04.2025. Det er og lagt til lenke under Dokument i saka til konsekvensvurderinga for Flåmyrane som vart vurdert i 1. gongs handsaming.

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet vedtok 30.10.2024, i sak 121/24, at framlegg til detaljregulering for Flåmyrane III, gnr. 99/bnr. 1 skulle sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl. § 12-10. Brev om høyring blei sendt ut 29.11.2024 med frist for merknader 23.01.2025, og ein utsett frist til 29.01.2025 for villreinnemnda for Hardangervidda på grunn problem med oversending av store høyringsdokument.

Det har kome 30 merknader, der 1 merknad kom etter fristen. Fråsegner frå offentlege mynde er vedlagt, og oppsummert under vurdering. Merknadane frå hytteforeiningar og hytteeigarar er oppsummert og svara ut i eige vedlegg. Innspela kan sjåast i sin heilskap i vedlegg 12 - *Samanstilling av innspel frå hytteforeiningar og hytteeigarar* (dokumentet er på 123 sider).

Villreinnemnda for Hardangervidda kom ikkje med uttale før 1. gongs handsaming, men det vart avtala at dei skulle få saka til uttale når den var på høyring og offentleg ettersyn. Det er likevel ikkje kome uttale frå Villreinnemnda for Hardangervidda i høyringsperioden, sjølv med utsett høyringsfrist. Villreinomsynet er godt utgreia i Statsforvalteren si fråsegn.

Etter at høyringsperioden var ute blei det vurdert å gjera nokre endringar i planframlegget etter dialog med tiltakshavar for å imøtekomme innspel frå statsforvaltaren. Éi av desse endringane blei vurdert at måtte ut på ei avgrensa høyring til råka parter. Det var snakk om å flytte ei tomt, og det blei 07.02.2025 sendt ei avgrensa høyring med høyringsfrist 02.03.2025 til næraste nabo som då ville få ei tomt flytt inntil si tomtgrense. Det har kome 1 merknad til avgrensa høyring, som er oppsummert og svara ut i vedlegg 8 - *Innspel frå hytteforeiningar og hytteeigarar*.

Vurdering

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, datert 23.01.2025

Planområdet og rammene for utbygginga er i samsvar med overordna planar frå 2019, men planforslaget fylgjer ikkje nasjonale føringar for villrein, vassmiljø og klima, basert på nyare kunnskap etter 2019. Planen opnar for mange nye fritidsbustader som kan skade viktige funksjonsområde for villrein og føre til nedbygging av vatn/tjern og karbonrike areal som myr og våtmark.

Villrein: I høve kanalisering av ferdsel må hovudtiltaka vera å ikkje leggje til rette for større nye utbyggingar tilgrensande nasjonalt villreinområde. Viser til ei vesentleg ubygd tomtreserve i gjeldande plan. Miljødirektøren har under tvil valt å ikkje fremje motsegn på villreinomsyn på bakgrunn av vedtekne overordna planar, men har eit sterkt fagleg råd om å redusere talet på nye fritidsbustader, særleg nærast nasjonalt villreinområde. Dei gjer merksam på at vidare store nye utbyggingar nær villreinområdet kan bli vurdert annleis med omsyn på samla belastning inn mot nasjonalt villreinområde.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Tomtereserven i gjeldande plan kan ikkje byggjast ut i dag på grunn av krav til utbyggingsplan for desse områda. Utbyggingsplan gjekk ut av plan- og bygningslova i 2008, og er derfor å tolke som krav til reguleringsplan, og denne reguleringsplanen er ein del av denne prosessen.*

Tilleggspunkt til villrein – FTU: Føresegnene opnar opp for 120 einingar i FTU (område for fritids- og turistføremål, einingar for utleige), mens planomtala oppgir 100 einingar her. Det er viktig å avklare antal einingar med tanke på villrein.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Dette er ein feil i føresegnene (det skal stå 100 og ikkje 120), som rettast opp i framlegg til vedtak.*

Vassmiljø og klima: For å nå miljømåla i vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan, og for å vareta klima betre, rår dei til å redusere talet på fritidsbustader og unngå nedbygging av myr og opne vasspegjar. Det er viktig å sikre at plankartet er i samsvar med føresegnene om at det ikkje skal byggjast på intakt myr og våtmark, og dei rår til å fjerne tomter som ligg på myr, og at vegar og VA-trasear leggjast utanom myr. Det er uvisst om all myr er teken inn i klimarekneskapen sidan myrområda ikkje er fullstendig kartlagt, og areal med myr som blir omgjort kan vera vesentleg større enn vist.

- *Kommentar: Det er gjort ei vurdering til endeleg planframlegg, kommunedirektøren hadde til 1. gongs handsaming av reguleringsplanen framlegg om å ta ut fleire tomter som var i konflikt med føresegnene, t.d. i konflikt med myr, våtmark, vasspegjar, og tomter som var vurdert som eksponert i terrenget. Plan- og miljøutvalet vedtok å halde på mange av desse tomtene, mot kommunedirektøren si tilråding. Sidan det då er gjort ei politisk vurdering av desse tomtene, vil ikkje kommunedirektøren gjera framlegg om å fjerne desse til 2. gongs handsaming av planframlegget, utanom dei som er foreslått i samråd med tiltakshavar, etter innspel frå statsforvaltaren i høve naturmangfald og villrein. For å fjerne motsetninga mellom plankart og føresegner, blir det gjort framlegg om å endre ordlyden i føresegn 2.5 b til at det ikkje skal byggjast på intakt myr og våtmark slik det kjem fram av plankartet. Det er i tillegg teke ut fleire tomter, og justert plassering på ein del tomter, for at fleire vasspegjar og myrområde ikkje byggjast ned.*

Støy: Det er viktig at gjeldande støyretningslinje blir lagd til grunn, og at det blir stilt krav til arbeidstid og støy i anleggsfasen i samsvar med tabell 4 i [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(T-1442/2021\)](#). Dette må sikrast i føresegnene.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Takast til fylgje og sikrast i føresegnene.*

Massehandtering og terrengforming: Det fylgjer av føresegn § 6.1 at ein kan bruke massar til oppfylling og terrengforming innanfor angitte areal i plankartet. Kommunen må sikre at massane, både tunnelmassane og nye massar, er i samsvar med forureiningsregulverket. Tilrår sterkt at planen må ta tilstrekkeleg omsyn til landskap, naturverdiar, myr og vassmiljø ved oppfylling og terrengforming.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Teke til orientering. Byggjesak fylgjer opp handtering i høve til forureiningsregulverket.*

Universell utforming: Oppmodar til at det blir stilt krav i føresegnene at alle fellestiltak, til dømes trafikkområde og bygningar for framme av friluftslivet, skal givast mest mogleg universell utforming.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Framlegg til føresegn under fellesføresegner: Fellesanlegg og felles uteområde skal gjevast mest mogleg universell utforming.*

Telemark fylkeskommune, datert 21.01.2025

Fylkeskommunen ser det som positivt at det er laga ein klimarekneskap for reguleringsplanen. Klimarekneskapen viser at utbygging vil medføre auka klimagassutslepp. Fylkeskommunen meiner planforslaget ikkje bidreg til utsleppsreduksjonane som forventast etter klimaloven. Det vil bety at kommunen må finne andre stader å kutte i klimagassutslepp for å kompensere for utsleppa ved å byggje ut Flåmyrane III.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Vinje kommune er inne i ein prosess med planvask av arealdelen og nokre utvalde reguleringsplanar. Det vil lagast ein rekneskap på kor mykje utbyggingsområde som endrast til LNF, og kva endringar i klimagassutslepp det vil føre til.*

NVE, datert 22.01.2025

Mogleg fare for skred i bratt terreng: NVE har ikkje merknadar til skredfarevurdering gjort av Skred AS. Dei viser til at det ikkje er NVE si rolle å godkjenne eller underkjenne konklusjonen i farevurderingar, og Skred AS har tatt på seg ansvaret for å avklare sikkerheita i det planlagde området.

Våtmarkssystem, myr og tjern: I deira innspel til varsel om oppstart skreiv dei at delar av planområdet ser ut frå kart og flyfoto å vera eit våtmarkssystem med myrar og små tjern mellom høgdedraga, og gav råd at desse områda ikkje må byggjast ned. Det er opplyst i planomtala i kap. 5.2.9 at: «Området var opphaveleg, før kraftutbygginga på 70-talet, dominert av myr og vasspeglar. Når kraftutbygginga tok til, blei området nytta som tipp for tunnelmassane.» NVE tar denne opplysninga til etterretning. For resten av planområdet ser dei av plankartet at så og seie alle tjerna er sett av til grøntområde og ikkje planlagt nedbygd eller fylt igjen. Føresegn 2.5 punkt b) set forbod mot bygging på intakt myr og våtmark, og føringar som skal ivareta funksjonen for myra for andre typar tiltak, medan det i føresegn 4.5.1 står at vassmiljøet ikkje skal forringast av tiltak, og skal ikkje bli påverka av utbygging. NVE meiner at dette er positivt.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Fråsegna er teke til orientering.*

Mattilsynet, datert 27.01.2025

Ser at deira innspel er imøtekomne og planen syner at trygg drikkevassforsyning er realistisk å etablere for alle hyttene. Drikkevatt er også ivareteke gjennom gode føresegner og rekkjefølgjekrav. Dei registrerer at det er store flater og at det planleggast tiltak for å unngå auka avrenning. Her er det sær viktig at ein tar omsyn til Eivindbuvatn som drikkevasskjelde.

- *Kommunedirektøren sin kommentar: Fråsegna er teke til orientering.*

Vurdering av ulike tema

Villrein:

- Alle tomtene ligg i bygdeutviklingssona i Hardangerviddaplanen, og er såleis i tråd med denne. Statsforvaltaren peikar på at det er auka ferdsel inn i villreinområdet som er eit problem, og rår til at antal einingar reduserast. Det er gjort nokre framlegg om å fjerne åtte einingar på grunn av myr/våtmark og vasspeglar, og det er og moglegheit for å redusere

antal einingar (no 100) for utleige i FTU, men kommunedirektøren vil ikkje tilrå å redusere talet på utleigeeiningar i FTU ytterlegare.

- Statsforvaltaren fremmer ikkje motsegn mot planen. Det er ikkje kome uttale frå Villreinnemnda for Hardangervidda. Kommunedirektøren meiner villrein er godt utgreidd og omsynet til villrein er ivareteke i tråd med regionale planar og KDP Vågsliid.

Myr og våtmark:

- Det er fleire innspel som gjeng på manglande kunnskapsgrunnlag på myr og våtmark i området. Det er og framlegg til konkrete tomter som bør takast ut på grunn av konflikt med myr/våtmark/vasspeglar frå enkelte hytteeigarar. I planområdet er det AR5-kartlaget som viser arealtypar, noko som kan vera mangelfullt. Det er og bruka flyfoto og lokal kjennskap til området i planlegginga. Planadministrasjonen har og vore på synfaring i området, og kommunedirektøren hadde til 1. gongs handsaming framlegg til fleire tomter som burde utgå på grunn av myr. Det vart då gjort eit politisk vedtak på at desse tomtene skulle bli verande. Når fleire av desse no er foreslått tatt ut i 2. gongs handsaming enno ei gong er dette gjort i samråd med tiltakshavar, for å imøtekoma nokon av høyringssvara som har kome inn, blant anna frå offentlege instansar.
- Når det gjeld føresegn om forbod mot bygging på intakt myr og våtmark må det gjerast ei justering, til myr og våtmark *slik det kjem fram av plankartet*, då det vil vera nokre område ein ikkje har identifisert i plankartet, som kan innehalde myr og våtmark. Ei slik endring vil vera nødvendig for at det ikkje skal oppstå motsetnader mellom føresegner og plankart. Det blir lagt opp til at fleire av tomtene skal justerast eller fjernast i 2. gongs handsaming av planframlegget, på grunn av dette omsynet.

Støy og støv:

- Leggje krav til støvbinding inn i føresegnene
- Driftstider i føresegner: anleggsdrift avgrensast til mellom 07.00-19.00, og det skal ikkje vera anleggsdrift laurdag/sondag, og ikkje i fellesferien, påske eller raude dagar.
- Anleggsarbeidet skal fylgje retningslinjer for støy.

Driftstid/anleggstid FTU:

- Området ved FTU er i dag eit stort søkk i terrenget, som skal fyllast opp med overskotsmasser. Det setjast krav til eigna masser til oppfylling, som er eigna for vidare bygging. For at det skal vera ei avgrensa tidsperiode for deponi her leggjast det inn eit rekkjefylgjekrav, som gjer at driftstida på deponi heng saman med utbygging av veganlegg.
 - a. Rekkjefylgjekrav: *Før ferdigattest på teknisk anlegg gjevast skal deponi ved FTU vera ferdigstilt.*

Einingar i FTU:

- Statsforvaltaren har peika på forskjell i føresegner og planomtale, og det er avklara at det er føresegnene som viser feil. Det skulle stå 100 i staden for 120. Dette rettast opp.
- Det kan vera eit alternativ å senke talet på utleigeeiningar ytterlegare dersom ein vil få ned totalt antal einingar i planen på ein rask måte utan å måtte gjera for store endringar i planen. Merk at FTU er område for utleigehytter og ikkje fritidshytter, og at det generelt er viktig å halde på desse områda for reiselivsdestinasjonen, og at desse områda er spesielt prioritert i overordna plan. Til 1. gongs handsaming var innstillinga frå kommunedirektøren å halde på desse einingane, noko kommunedirektøren framleis tilrår til 2. gongs handsaming.

C-teikningar:

- C-teikningane er oppdatert før 2. gongs handsaming av planen, og er vedlagt. Det er retta opp i namn slik at dei samsvarer med plankartet, og det er lagt til KV6 og KV9 som er nye vegar i den gamle delen av feltet. Plankartet må oppdaterast i tråd med vegarealet som er synt i c-teikningane.

Adressering/vegnamn:

- Framlegg til vegnamn på nye vegar er *Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos*. Sjå eige vedlegg 9 *Vegnamn*.

Allmøte:

- I februar 2024 blei det heldt eit allmøte med hytteeigarane, der dei kunne koma med innspel til arbeidet med reguleringsplanen. Det er sidan gjort endringar i planframlegget som hytteeigarane ikkje har kjent til før framlegget kom ut på høyring. At endringar ikkje har vore diskutert på dette allmøtet er ikkje ein mangel ved reguleringsprosessen, men ein naturleg del av planprosess fram til planframlegg. Det er høve for råka partar og offentlege instansar å koma med innspel på planen i høyringsperioden.

Verdiforringing

- Innspel som viser til tidlegare lovnadar om at det ikkje skal fortettast, og senka verdi på hyttetomta på grunn av fortetting, gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje skal ta stilling til, og kommenterast ikkje ytterlegare.

Oppsummering av framlegg til endringar:

Sjå vedlegg 10 *Revisjonslogg, framlegg til endringar i plankartet etter høyring og offentleg ettersyn*, for skildring av endringane i plankartet, samt vedlegg 11 *Kart med foreslåtte endringar etter høyringsperioden*, for plassering av endringane 1-10. Endringane i 11-13 er ikkje synt på dette kartet.

Plankart:

- 1) Fjerne tomt 4-8. Arealet erstattast med friluftsføremål FL og parkeringa P5 blir flytt tilbake i tråd med bygd situasjon. Avkøyringspila utgår. Turveg TV1 og omsynssone bevaring naturmiljø H560 utgår, friluftsføremål FL ivaretek omsynet.
- 2) Tomt 4-19 justerast i tråd med tidlegare vedteke endring av reguleringsplan for planID 20030001 - 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, og det leggjast til eit tilleggsareal i tråd med faktisk arealbruk.
- 3) Tomt 1-13 flyttast lenger mot aust, og avkøyringspil frå køyreveg KV6 blir flytt til køyreveg KV2. Omsynssone bevaring naturmiljø H560 utgår med bakgrunn i at det ikkje er tomteareal som vedkjem vasspegelen, og friluftsføremål FL ivaretek omsynet.
- 4) Teig til fritidsbustad FBF35 reduserast, det reduserte arealet erstattast med friluftsføremål FL og naturområde i sjø og vassdrag NSV.
- 5) Tomtegrense til 9-3 justerast 1 m lenger nord for å oppnå betre fordeling på arealet mellom tomt 9-3 og 9-4.
- 6) Storleik på parkering P16 blir redusert. Det reduserte parkeringsarealet erstattast med friluftsføremål FL.

- 7) Fjerne tomt 24-9 og 24-10. Justere køyreveg KV23, og tomtene 24-5,6,7, 8 og 11. Arealet erstattast med friluftsføremål FL og omsyn landskap H550 utgår, samt at fleire vasspeglar er teke vare på. Infrastruktursone H190_3 er justert for å sikre kopling til tomt 24-11.
- 8) Fjerne tomt 28-3, vegen, og justering av tomt 28-1. Arealet erstattast med friluftsføremål FL og naturområde i sjø og vassdrag NSV. Lagt til avkøyringspil til tomt 28-1. Infrastruktursone H190_3 vert flytt i tråd med tomtejustering av tomt 28-1.
- 9) Fjerne tomt 31-2 og justere 31-3. Arealet erstattast med friluftsføremål FL og naturområde i sjø og vassdrag NSV. Omsynssone bevaring naturmiljø H560 utgår, då friluftsføremål FL og naturområde i sjø og vassdrag NSV ivaretek omsynet.
- 10) Tomtejustering i FBF29. Ommøblere tomt 29-10, 29-11, 29-15. Det reduserte tomtearealet erstattast med friluftsføremål FL og naturområde i sjø og vassdrag NSV, samt at omsynssone bevaring naturmiljø H560 utgår.
- 11) Avkøyringspil på tomteareal aust for tomt 1-9 fjernast.
- 12) Det skal leggjast til avkøyringspil på tomt 15-5.
- 13) Plankart oppdaterast med vegareal slik oppdaterte c-teikningar viser på KV6 og KV9.

Føresegner:

- 14) Ny føresegn *2.2 b) Fellesanlegg og felles uteområde skal gjevast mest mogleg universell utforming.*
- 15) Føresegn 2.5 *Myr og naturmangfald b)* fyrste setning endrast til: «Det skal ikkje byggjast på intakt myr og våtmark *slik det kjem fram av plankartet*, og drenering/grøfting er ikkje tillate.»
- 16) Føresegn 4.1.1 *Fellesføresegner for bygningar og anlegg d)* andre setning endrast til: «*Møneretning skal fylgje høgdekotene.*»
- 17) Føresegn 4.1.1 e) Ny setning leggjast til: «*Utvendige installasjonar som varmepumper og tilsvarande skal ikkje ha kontrastfarge til resten av bygget.*»
- 18) Føresegn 4.1.2 – i tabellen under FBF9 tomt 3 og 4 skal det føyast til: «*Det er ikkje høve til å setje opp anneks.*»
- 19) Føresegn 4.1.3 d) – i tabellen får FBF35 *9* einingar i staden for 10.
- 20) Føresegn 4.1.7 *Fritids- og turistføremål (FTU) e)* fyrste setning endrast til: «Maksimal tal einingar er *100.*»
- 21) Ny føresegn, rekkjefylgjekrav: «*Før ferdigattest på teknisk anlegg gjevast skal deponi ved FTU vera ferdigstilt.*»
- 22) Ny føresegn 4.2.1 d) «*Det skal gjerast tiltak for å avgrense støv under anleggsperioden, og ved behov.*»
- 23) Ny føresegn: «*Anleggsdrift avgrensast til mellom kl. 07.00-19.00, og det skal ikkje vera anleggsdrift laurdag/sondag, og ikkje i fellesferien, påske eller raude dagar.*»
- 24) Ny føresegn: «*Anleggsarbeidet skal fylgje Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)*»

Framlegg til endringar er ikkje så vesentlege at det er nødvendig med ny høyring eller nytt offentleg ettersyn. Framlegg til endring av plassering av tomt 1-13 har vore på ei avgrensa høyring til eigarar av 99/183, og merknaden er oppsummert i vedlegg 8. Resten av framlegg til endringane er ikkje så vesentlege at det er nødvendig med ny høyring eller nytt offentleg ettersyn.

Reguleringsplan Flåmyrane III vil erstatte gjeldande reguleringsplan 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen. Ved vedtak av den nye reguleringsplanen vil den gamle planen og formelt opphevast, med heimel i pbl. § 12-14.

Saka går til kommunestyret.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001, blir vedteken i medhald av pbl § 12-12 med endringane som er nemnde i kommunedirektøren si vurdering og lista opp punktvis 1-24 under oppsummering av framlegg til endringar.

Plan- og miljøutvalet vedtek jf. stadnl. § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje kommune § 2 vegnamna *Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos*, slik vedlegg 9 *Vegnamn* viser.

Reguleringsplan for 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, planID 20030001, opphevast jf. pbl. § 12-14, når Flåmyrane III, planID 20220001, blir vedteke.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 60/2025 i møtet den 30.04.2025

Røysting

Kommunedirektørens framlegg blei vedteke med 4 mot 3 røyster.

Vedtak

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001, blir vedteken i medhald av pbl § 12-12 med endringane som er nemnde i kommunedirektøren si vurdering og lista opp punktvis 1-24 under oppsummering av framlegg til endringar.

Plan- og miljøutvalet vedtek jf. stadnl. § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje kommune § 2 vegnamna *Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos*, slik vedlegg 9 *Vegnamn* viser.

Reguleringsplan for 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, planID 20030001, opphevast jf. pbl. § 12-14, når Flåmyrane III, planID 20220001, blir vedteke.

Saksordførar: Tone Edland

Kommunestyret si handsaming av sak 51/2025 i møtet den 27.05.2025

Røysting

Framlegg frå Tone Edland (Sp):

Saka blir sendt attende til plan og miljøutvalget, til sak frå administrasjonen om totalt utbyggingspotensiale i kommunedelplan for Vågsli kjem opp.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå Edland blei vedteke med 21 mot 4 røyster.

Oversikt over røystinga:

Utsettelsesforslag frå T. Edland (Sp)	Vedteke
FOR 21	MOT 4
<i>SETERPARTIET (8/8)</i> Birgit Tveito Tone Edland Herdis Lien Nils Ole Lien Kjetil Nessæther Ragnhild Sølberg Jon Rikard Kleven Liv Sigrun Nykos Midtun	<i>DET NORSKE INDUSTRIPARTIET (3/3)</i> Vetle Frantzen Hans Martin Huse Suhail Mushtaq
<i>VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (4/4)</i> Irja Helene Godal Silje Vaagen Bjørnar Kalbach Christensen Børge Skårdal	<i>INDUSTRI- OG NÆRINGSPARTIET (1/1)</i> Knut Erik Jordstøyl
<i>ARBEIDERPARTIET (3/3)</i> Bertin Bjåen Reidun Hyttedalen Kjellfrid Neset	
<i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (4/4)</i> Stine Beate Mondal Ljostad Kari Omdal Tveito Øystein Høgetveit Ingerid Hayes	
<i>FRAMSTEGSPARTIET (1/1)</i> Bjørn Ronny Jervsjø	
<i>HØGRE (1/1)</i> Liv Bente Tvenge	

Vedtak

Saka blir sendt attende til plan og miljøutvalget, til sak frå administrasjonen om totalt utbyggingspotensiale i kommunedelplan for Vågsli kjem opp.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 105/2025 i møtet den 24.09.2025

Røysting

Framlegg frå Irja Godal (VTB):

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001 blir ikkje vedteken av omsyn til villrein, boreal hei av stor verdi (beiteområde for husdyr), myr og vasspegjar jmf Naturmangfoldlova § 8-12.

Tilleggsframlegg frå Tone Edland (Sp):

I føresegnene 4.1.2a skal det rettast til at det skal vere 25 % BYA.

FTU blir endra til FL-område og antal einingar blir sett til 0. For området som blir omgjort til FL (#1) skal likevel føresegnene vere gjeldande.

FBF8 - antal einingar blir sett til inntil 10.

FBF34 - antal einingar blir sett til inntil 4.

FBF35 - antal einingar blir sett til inntil 8.

Desse endringane er gjort i samråd med tiltakshavar. Utvalet ser då at planen ikkje treng ut på ny høyring.

Røysting:

Ein sette fyrst Godal sitt framlegg opp mot kommunedirektørens. Kommunedirektørens framlegg blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Ein røysta deretter over tilleggsframlegget til Edland. Dette blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vedtak

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001, blir vedteken i medhald av pbl § 12-12 med endringane som er nemnde i kommunedirektøren si vurdering og lista opp punktvis 1-24 under oppsummering av framlegg til endringar.

Plan- og miljøutvalet vedtek jf. stadnl. § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje kommune § 2 vegnamna Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos, slik vedlegg 9 Vegnamn viser.

Reguleringsplan for 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, planID 20030001, opphevast jf. pbl. § 12-14, når Flåmyrane III, planID 20220001, blir vedteke.

I føresegnene 4.1.2a skal det rettast til at det skal vere 25 % BYA.

FTU blir endra til FL-område og antal einingar blir sett til 0. For området som blir omgjort til FL (#1) skal likevel føresegnene vere gjeldande.

FBF8 - antal einingar blir sett til inntil 10.

FBF34 - antal einingar blir sett til inntil 4.

FBF35 - antal einingar blir sett til inntil 8.

Desse endringane er gjort i samråd med tiltakshavar. Utvalet ser då at planen ikkje treng ut på ny høyring.

Kommunestyret si handsaming av sak 83/2025 i møtet den 21.10.2025

Røysting

Framlegg frå Irja Godal (VTB):

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001 blir ikkje vedteken av omsyn til villrein, boreal hei av stor verdi (beiteområde for husdyr), myr og vasspeglar jmf Naturmangfoldlova § 8-12.

Røysting:

Plan- og miljøutvalets framlegg blei sett opp mot Godals. Plan- og miljøutvalets framlegg blei vedteke med 18 mot 7 røyster

Oversikt over røystinga:

Plan- og miljøutvalet sitt framlegg til vedtak mot Forslag frå I. H. Godal (VTB)	Plan- og miljøutvalet sitt framlegg til vedtak
Plan- og miljøutvalet sitt framlegg til vedtak 18	Forslag frå I. H. Godal (VTB) 7
<i>HØGRE (1/1)</i> Liv Bente Tvenge <i>SETERPARTIET (7/8)</i> Nils Ole Lien Ragnhild Sølberg Kjetil Nessæther Liv Sigrun Nykos Midtun Ane Killingtveit Jon Rikard Kleven Åse Versto Kringlegarden <i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (2/4)</i> Nils Johan Svalastog Garnes Øystein Høgetveit <i>ARBEIDERPARTIET (3/3)</i> Reidun Hyttedalen Kjellfrid Neset Bertin Bjåen <i>FRAMSTEGSPARTIET (1/1)</i> Bjørn Ronny Jervsjø <i>DET NORSKE INDUSTRIPARTIET (3/3)</i> Vetle Frantzen Åshild Bringsvær-Sunde Suhail Mushtaq <i>INDUSTRI- OG NÆRINGSPARTIET (1/1)</i> Knut Erik Jordstøl	<i>SOSIALISTISK VENSTREPARTI (2/4)</i> Kjersti Kaasa Kari Omdal Tveito <i>VINJE TVERRPOLITISKE BYGDELISTE (4/4)</i> Børge Skårdal Irja Helene Godal Bjørnar Kalbach Christensen Bjarte Hestdalen <i>SETERPARTIET (1/8)</i> Birgit Tveito

Vedtak

Framlegg til reguleringsplan for Flåmyrane III, 99/1, planID 20220001, blir vedteken i medhald av pbl § 12-12 med endringane som er nemnde i kommunedirektøren si vurdering og lista opp punktvis 1-24 under oppsummering av framlegg til endringar.

Plan- og miljøutvalet vedtek jf. stadnl. § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje kommune § 2 vegnamna Nedre Flåmyrane, Øvre Flåmyrane, Myrsnipevegen, Nedre Kroknos, Austre Kroknos, og Øvre Kroknos, slik vedlegg 9 Vegnamn viser.

Reguleringsplan for 99/1 Flåmyrane/Skjærdalen, planID 20030001, opphevast jf. pbl. § 12-14, når Flåmyrane III, planID 20220001, blir vedteke.

I føresegnene 4.1.2a skal det rettast til at det skal vere 25 % BYA.

FTU blir endra til FL-område og antal einingar blir sett til 0. For området som blir omgjort til FL (#1) skal likevel føresegnene vere gjeldande.

FBF8 - antal einingar blir sett til inntil 10.

FBF34 - antal einingar blir sett til inntil 4.

FBF35 - antal einingar blir sett til inntil 8.

Desse endringane er gjort i samråd med tiltakshavar. Utvalet ser då at planen ikkje treng ut på ny høyring.
